

Retningslinjer

For lokalt gitt eksamen ved
vidaregåande skular i Hordaland



Revisjon av retningslinjer for lokalt gitt eksamen

Retningslinjene for lokalt gitt eksamen er redigert i høve til endringer i forskrift til opplæringslova som vart fastsett av Kunnskapsdepartementet 26. september 2013. Vi viser til informasjon om endringane i rundskriv *Udir-2-2014 Lokalt gitt muntlig eksamen*. Endringane i dei lokale retningslinjene gjeld frå våren 2014.

Det er ikkje laga føringer for enkelte fag eller faggrupper for lokalt gitt munnleg eksamen for elevar. Opplæringsavdelinga vil i samarbeid med skulane og dei faglege arbeidsutvala (FAU) vurdere om det er naudsynt med lokale føringer som skal gjelde frå våren 2015.

Opplæringsavdelinga

Innhold

Revisjon av retningslinjer for lokalt gitt eksamen	2
1. Innleiing	4
Om retningslinjene	4
Frå forskrift til opplæringslova, § 3-30 – 3-32, lokalt gitt eksamen	4
2. Ansvarsfordeling	6
Opplæringsavdelinga	6
Regionane v/regionskoordinator	6
Skolane v/rektor	6
Privatskolane	6
3. Vurderingskriterium.....	7
4. Skriftleg eksamen	8
Oppgåvenemnder for lokalt gitt skriftleg eksamen	8
5. Munnleg eksamen for elevar	9
Obligatorisk modell for alle fag med lokalt gitt munnleg eksamen	9
Fagspesifikk del	10
6. Munnleg-praktisk eksamen for elevar.....	11
Samfunnsfag	11
Realfag	11
7. Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar.....	12
Generell del	12
Særskilt om fag med munnleg eksamen	13
Særskilt om fag med munnleg-praktisk eksamen	13
8. Studieførebuande fag med praktisk, munnleg eller munnleg- praktisk eksamen	15
Formgjevingsfag	15
Idrettsfag	15
Musikk, Dans og Drama	16
9. Praktisk eksamen for studieførebuande og yrkesfag	20
Oppgåvenemnder for lokalt gitt praktisk eksamen for yrkesfag	20
10. Gjennomføring av yrkesfagleg praktisk eksamen	21
Generell del	21
Modellar for dei ulike faga	22
11. Klagehandsaming	28
Klagehandsaming ved skriftleg eksamen	28
Klagehandsaming ved munnleg eksamen	28
Klagehandsaming ved praktisk eksamen	28
Vedlegg 1.....	29
Kommentarar til retningslinjene om munnleg eksamen (kap. 5)	29

1. Innleiing

Desse retningslinjene er utarbeidde for å få ei betre og meir eins gjennomføring av lokalt gitt eksamen i Hordaland. Gjennomføring av lokalt gitt eksamen skal bidra til:

- Å sikre at eksamen blir avvikla i samsvar med vurderingsforskrifta (eventuelt andre overordna styringsdokument)
- At elevane får vist kompetansen sin i faget
- At det er samsvar mellom elevane sine arbeidsmåtar gjennom året og korleis elevane blir prøvde til eksamen
- At elevane blir sikra mest mogleg kjende og likeverdige forhold ved eksamen
- At elever, føresette, arbeidsgjevarar og utdanningsinstitusjonar skal få påliteleg og gyldig informasjon om elevane sin kompetanse

Om retningslinjene

Desse retningslinjene gjeld frå og med lokalt gitt eksamen våren 2014 for alle vidaregåande skolar i Hordaland, både fylkeskommunale og private. Retningslinjene er bindande. Lokalt gitt eksamen er alle eksamenar som ikkje er laga av Utdanningsdirektoratet.

Retningslinjene er forankra i sentrale lover og forskrifter for gjennomføring av eksamen, læreplanverket for Kunnskapsløftet og erfaring frå fleire års arbeid med ulike prøveformer. Eksamen og vurdering i vidaregåande opplæring er heimla i kap. 3, 4 og 5 i Opplæringslova og i Privatskolelova, og forskriftene til desse lovene.

Frå forskrift til opplæringslova, § 3-30 – 3-32, lokalt gitt eksamen

Følgjande tekst er henta i si heilheit frå forskrift til opplæringslova:

§ 3-30. Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Kandidaten skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timer før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Lokalt gitt munnleg eksamen med førebuingssdel skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje at skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen som er lokalt gitte, skal gjennomførast med førebuingssdel. Ved skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen kan førebuingssdelen vere inntil to dagar og skal normalt ikke inngå i vurderingsgrunnlaget.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingssdel. Fylkeskommunen avgjer sjølv om privatistar skal ha førebuingssdel. Førebuingssdelen er ein obligatorisk skoledag dagen før eksamen, der alle hjelpe-middel er tillatne. Når førebuingssdelen tek til, 24 timer før sjølve eksamen, skal kandidaten få oppgitt eit tema eller ei problemstilling. Førebuingssdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Rammene for eksamenen på eksamensdagen skal vere:

- a) skriftleg eksamen - inntil 5 timer
- b) munnleg eksamen - inntil 30 minutt per elev eller privatist
- c) munnleg-praktisk eksamen - inntil 45 minutt per elev eller privatist
- d) praktisk eksamen - inntil 5 timer.

Lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren. Som sensor ved lokalt gitt eksamen i program-fag i yrkesfaglege utdanningsprogram kan det også nemnast opp ein fagarbeidar med praksis frå arbeidslivet.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamininga skal gi kandidaten høve til å synne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingssdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller problemstillinga som han eller ho har førebudd i førebuingssdelen. Dersom det er usemje om kva kandidaten skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

§ 3-30a. Overgangsregel for lokalt gitt eksamen hausten 2013

1. oktober 2013 vart § 3-29, § 3-30 og § 3-31 endra. For lokalt gitt eksamen hausten 2013 gjeld likevel dei reglane som gjaldt for avvikling av lokalt gitt eksamen før denne endringa.

§ 3-31. Hjelpemiddel til eksamen

Eksamenen kan organisera med eller utan hjelpemiddel. Utdanningsdirektoratet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatte i kvart fag ved sentralt gitt eksamen.

Ved lokalt gitt eksamen etter § 3-30 femte ledd bokstav a, c og d fastset skoleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Dei tillatte hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven eller privatisten.

Ved lokalt gitt munnleg eksamen er notata til eleven eller privatisten frå førebuingssdelen einaste tillatte hjelpemiddel.

§ 3-32. Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.

Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdighetene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget.

Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning.

Privatistar må leggje fram ein sakkunnig uttale. Fylkeskommunen avgjer kva slags ordningar for tilrettelegging som skal nyttast. Avgjerda til fylkeskommunen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen.

2. Ansvarsfordeling

Opplæringsavdelinga

- Gjennomføre privatisteksamenar, inklusive oppnemning av sensorar.
- Legge til rette for at det blir gitt nødvendig informasjon til faglærarar/sensorar.
- Ansvar for utarbeiding av lokalt gitt eksamen i Norsk, Matematikk for yrkesfag og Trenings- lære 1.
- Kontroll med trekk av fag ved lokalt gitt eksamen.
- Kvalitetssikring av lokalt gitt praktisk eksamen.

Regionane v/regionskoordinator

- Legge til rette for regional skolering ved behov, ev. i samarbeid med Opplæringsavdelinga.
- I samarbeid med skolane fordele eksamensdagar på skolane i regionen.
- Medverke til fordeling av eksterne sensorar til skolane og etablering av sensorringar, ev. på tvers av regionane.

Skolane v/rektor

- Står for trekk av fag og parti og fordeler faga over dei dagane skolen har fått tildelt som eksamensdagar.
- Gjennomfører lokalt gitt eksamen for elevar, ev. i samarbeid med andre skolar
Sender brev til sensor om formell oppnemning.
- Legg til rette for at alle faglærarar og sensorar får nødvendig informasjon om dei fylkeskommunale retningslinjene.
- Faglærar utarbeider eksamensoppgåver til sine eigne elevar. Oppgåvene blir utarbeidde både på bokmål og nynorsk, om det er elevar på skolen som har krav på det.
- Rektor har ansvar for at oppgåveforsлага er utarbeidde i samsvar med kompetanse mål i læreplanen og med nasjonale og fylkeskommunale retningslinjer.
- Rektor avgjer etter søknad frå elev eller foreldre/føresette kva tilrettelegging som er nødvendig. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans.
- Faglærar som er foreslått som sensor, må vere ledig for sensoroppdrag.
- Skolar som periodeles fag (ploging) og har lokalt gitt eksamen i desember eller januar, nemner sjølv opp sensorar og organiserer eksamen.
- Om ein elev byter skole, er det skolen eleven kjem frå, som har ansvaret for å informere om og arrangere ny, utsett eller særskild eksamen.
- Protokolltilførsel frå eksaminator eller sensor skal oppbevarast ved eksamenesskolen i eitt år.
- Faglærar og sensor si rolle ved eksamen.

Privatskolane

- Privatskolane følgjer dei fylkeskommunale retningslinjene for gjennomføring av lokalt gitt eksamen.
- Alle punkt for skolane v/rektor gjeld og for dei private skolane.
- Dei private skolane deltek i regionalt samarbeid rundt eksamen og ev. sensorringar på tvers av regionane.

3. Vurderingskriterium

Vurdering har sitt grunnlag i vurderingskriteria. Kriteria må være tydelege og relaterte til det elevane blir prøvde i til eksamen. Faglege krav tar utgangspunkt i kompetansemål og må sjåast i samanheng med lengda på førebuingstida, bruk av hjelpemiddel og utforming av oppgåva.

Elevane skal vere kjende med vurderingskriteria i god tid før eksamen. Skolen ved faglærar i det enkelte fag, har ansvaret for å informere elevane.

Eksamenskontoret legg ut vurderingskriteria for privatistar på sine heimesider.

4. Skriftleg eksamen

Lokalt gitt skriftleg eksamen skal avviklast ved den enkelte skolen, som òg er ansvarleg for å skaffe og oppnemne sensorar. Faglærar har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver til ordinær lokalt gitt skriftleg eksamen. Rektor skal godkjenne eksamensoppgåva. Rektor har og ansvar for at det blir utarbeidd oppgåver til ny, utsett og særskild eksamen.

For nokre fag har Opplæringsavdelinga etablert ei ordning med felles lokal skriftleg eksamen for elevar og privatistar. Det er i desse faga oppretta ei oppgåvenemnd som lagar oppgåvane heilt eller delvis.

Oppgåvenemnder for lokalt gitt skriftleg eksamen

Norsk Vg2 og matematikk Vg1 for yrkesfaglege utdanningsprogram

Oppgåvenemnder for NOR1206, NOR1045, MAT1001 (praktisk) og MAT1006 (teoretisk) lagar eit fullt oppgåvesett. Deler av settet er obligatorisk for heile fylket. Det er valfritt om skolane vil bruke heile settet eller berre deler av det. Den valfrie delen kan yrkesrettast på den einskilde skole. Det vil stå i kvar oppgåve kva del som kan bytast ut. Skolane må sjølv ordne med avvikling av eksamen.

Hjelpemiddel Norsk: Alle hjelpemiddel tillatne, med unntak av internett og kommunikasjon med andre
Hjelpemiddel Matematikk: Del 1 – Skrivesaker, passar, linjal og vinkelmålar er tillatne. Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av internett eller andre verktøy som tillet kommunikasjon

Eksamenstid: 4 timer

Treningslære 1 i utdanningsprogram for idrettsfag

Oppgåvenemnd for IDR2011 lagar eit fullt oppgåvesett som består av to deler. Del 1 inneheld kortvarsoppgåver og utgreiingsoppgåver, del 2 vil vere casebasert. Alle skolar i Hordaland som har idrettsfag skal bruke dette oppgåvesettet. Skolane må sjølv ordne med avvikling av eksamen.

Hjelpemiddel: Del 1 – ingen hjelpemiddel. Del 2 – alle hjelpemiddel men unntak av internett og andre verktøy som tilet kommunikasjon.

Eksamenstid: 5 timer

5. Munnleg eksamen for elevar

Obligatorisk modell for alle fag med lokalt gitt munnleg eksamen

(Sjå vedlegg 1 bak i heftet for utdjuande kommentarar til retningslinjene)

Varsel om eksamen (48 timer før eksamen)

Eleven får varsel om kva fag han/ho er kome opp i 48 timer før eksamen. Høgtids- og heilagdagar skal ikkje reknast med i dei 48 timane. Det er ikkje naudsynt at faglærar er tilgjengeleg for elevane på sjølv trekkdagen.

Førebuingsdel (24 timer før eksamen)

Skulen skal planleggje og gjennomføre førebuingsdagen innanfor følgjande retningslinjer:

- Førebuingsdelen er ein obligatorisk skuledag mellom 4 og 5 klokketimar dagen før eksamen. Eleven skal vere tilstade på skulen og ha tilgang til ein faglærar. Dette bør helst vere faglæraren til eleven. Faglærar skal ikkje ha undervisning for dei elevane som er trekt ut til eksamen, men vere tilgjengeleg i skuletida for desse. Førebuinga bør vere rettleiande og hjelpe eleven til å sjå samanhengen mellom temaet/problemstillinga og læreplanen.
- Eleven får utdelt tema/problemstilling når førebuingsdelen startar. Ut i frå temaet/problemstillinga skal eleven førebu ein presentasjon som ho/han skal presentere under eksamen. Presentasjonen skal utgjere inntil 1/3 av den totale eksamenstida.
- Eleven kan bruke alle hjelphemiddel i førebuingsdelen.

Eksamensdagen

Munnleg lokalt gitt eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar eller dagen etter høgtids-/heilagdagar.

Eksamensdagen skal vare inntil 30 minutt per elev og gjennomførast slik:

1. Eleven presenterer temaet/problemstillinga som han/ho har arbeida med i førebuingsdelen. (Inntil 1/3 av eksamenstida).
2. Sensorane brukar presentasjonen som utgangspunkt for ein fagsamtale (eksaminasjon) med eleven. (Minst 2/3 av eksamenstida).

Eleven skal få høve til å vise kompetanse i så stor del av faget som mogeleg. Under eksamen kan eleven prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingsdelen. Sensorane skal leite etter elevane sin kompetanse, og ikkje den kompetansen dei ikkje har.

Hjelphemiddel under eksamen: Notat frå førebuingsdelen. I denne samanhengen inkluderer notat hjelphemiddel som er relevante for å gjennomføre presentasjonen som kandidaten har førebudd. Dette kan vere digitale hjelphemiddel (t.d. PowerPoint) eller andre verktøy som kan visualisere den munnlege presentasjonen. Dersom eksamen krev fleire hjelphemiddel enn dei som er knytt til førebuingsdelen, må skulen gje eleven tilgang til desse.

Vurdering

Eksamenskarakteren skal setjast på grunnlag av den kompetansen eleven syner under sjølv eksamen. Både presentasjonen og samtalen etter presentasjonen er ein del av eksamen. Alt som eleven gjer innanfor eksamensramma skal vere ein del av vurderingsgrunnlaget. Førebuingsdelen skal ikkje vere ein del av vurderingsgrunnlaget og notata som er utarbeida i førebuingsdelen skal ikkje vurderast i seg sjølv.

Det skal alltid vere to sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Det er vanleg at den interne sensoren er eleven sin faglærar. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom sensorane ikkje er einige om karakteren, er det den eksterne sensoren som skal avgjere karakteren.

Rett etter eksamen skal eleven kallast inn igjen og få vite eksamenskarakteren sin saman med ei grunngjeving. Dette skal skje før neste elev tek til med sin eksamen.

Fagspesifikk del

Det er ikkje utarbeida fagspesifikke føringar i høve dei nye retningslinjene for munnleg eksamen som skal gjelde frå våren 2014. Opplæringsavdelinga vil i samarbeid med skulane og dei faglege arbeidsutvala (FAU) vurdere om det er naudsynt å utarbeide fagspesifikke føringar. Desse føringane vil i tilfelle gjelde frå våren 2015.

6. Munnleg-praktisk eksamen for elevar

Eksamenstid: Inntil 45 minutt. Her er to modellar:

1. Eksamens med lang førebuingsdel på inntil 48 timer. Alle hjelpemiddel tillatne i førebuingstida.
2. Eksamens med kort førebuingsdel på inntil 1 time. Denne eksamenen skal gjennomførast med nærmere definerte tillatne hjelpemiddel.

Modellar for formgjeving og idrettsfag: Sjå kap. 8.

Samfunnsfag

Følgjande fag har munnleg-praktisk eksamen:

Økonomistyring, økonomi og leiing, entreprenørskap og bedriftsutvikling 1 og 2, medie- og informasjonskunnskap 2.

Det praktiske innslaget består i å forklare/vise kva framgangsmåtar og metodar som er brukt for å løyse oppgåva.

Realfag

Lang førebuingsdel (inntil 48 timer)

Geofag, informasjonsteknologi og teknologi og forskningslære

Desse faga skal ha lang førebuingsdel på inntil 48 timer.

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Eksamens: Inntil 45 min.

- Eleven gjer greie for arbeidet med det trekte emneområdet og svarar på oppfølgingsspørsmål.
- Eleven blir eksaminert i andre, naturleg avgrensa emneområde i faget.
- Emneområda skal gi eleven høve til å få vist kompetansen sin i faget.

Hjelpemiddel under eksamenstida: Notatark frå førebuingstida, tabellar/formelsamling og digitale hjelpemiddel.

Biologi, fysikk, kjemi og naturfag

Desse faga kan ha lang førebuingsdel på inntil 48 timer.

Kort førebuingsdel (inntil 1 time)

Kjemi, fysikk, biologi og naturfag

Til vanleg maksimalt 5 elevar.

Førebuingstid: Inntil ein time

Oppgåve: Eleven trekker ei oppgåve frå eit naturleg avgrensa emneområde i faget.

Hjelpemiddel i førebuingstida: Alle hjelpemiddel, med unntak av hjelpemiddel som tillet kommunikasjon.

Eksamens: Inntil 45 minutt (inklusiv tid til å utføre praktisk arbeid).

- Eleven gjer greie for arbeidet med det trekte emneområdet og svarar på oppfølgingsspørsmål.
- Eleven blir eksaminert i andre, naturleg avgrensa emneområde i faget.
- Det praktiske arbeidet skal integrerast som ein naturleg del av eksaminasjonen i anten det kjende eller det ukjende emneområdet. Emneområda skal gi eleven høve til å få vist kompetansen sin i faget.

Hjelpemiddel under eksamenstida: Notatark frå førebuingsdelen, tabellar/formelsamling og digitale hjelpemiddel.

7. Munnleg og munnleg-praktisk eksamen for privatistar

Generell del

Dette gjeld alle munnlege og munnleg/praktiske eksamenar for privatistar. I neste avsnitt er det presisert utdjupingar for nokre fag.

Oppmøte

Munnleg og munnleg-praktisk eksamen vert avvikla ettermiddag/kveld.

Legitimasjon

Alle kandidatar må vise gyldig legitimasjon med bilde når dei møter på munnleg og munnleg/praktisk eksamen.

Oppgåve

Kandidaten trekkjer ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetanseområd, slik at kandidaten får høve til å førebu seg på å vise kompetansen sin i faget. Dette inneber at problemstillinga eller emnet skal vere tilstrekkeleg omfattande til at det vil vere naturleg å trekke inn fleire delar av læreplanen under sjølv eksamineringa.

Det skal vere eit reelt trekk av oppgåver, alle kandidatar skal kunne trekke blant minst tre alternative oppgåver.

Førebuing

På munnleg og munnleg-praktisk eksamen er førebuingstida normalt inntil 30 minutt. Alle hjelpemiddel, også slike som tillat kommunikasjon, er tillatne i førebuingstida.

Førebuinga skjer på eit eige rom (saman med andre kandidatar). Kandidatane kan ikkje forlate rommet i førebuingstida. Det skal vere stille på førebuingsrommet og kandidatane skal ikkje snakke med eller forstyrre kvarandre. Kandidaten har sjølv ansvar for å ta med seg nødvendige hjelpemiddel og for at utstyret fungerer.

Eksamens

Munnleg og munnleg-praktisk eksamen varer normalt inntil 30 minutt. Eksamens tek til med ein presentasjon av resultatet frå førebuingsdelen. Presentasjonen skal ikkje utgjere meir enn ein tredjedel av eksamenstida. Presentasjonen som kandidaten har førebudd skal vere utgangspunkt for vidare eksaminasjon slik at kandidaten får høve til å vise kompetansen sin i faget. Alle kompetanseområda i læreplanen kan trekkjast inn under eksamen.

Den førebuide munnlege presentasjonen er ein del av vurderingsgrunnlaget, ikkje arbeidet som er gjort i førebuingstida.

Hjelpemiddel under eksamen

Notat frå førebuingsdelen. I denne samanhengen inkluderer notat hjelpemiddel som er relevante for å gjennomføre presentasjonen som kandidaten har førebudd. Dette kan til dømes vere digitale verktøy som PowerPoint.

Leseliste

I nokre fag må kandidatane levere leseliste før eksamen. Dersom kandidatane ikkje har levert leseliste, skal Eksamenskontoret sitt forslag til leseliste brukast på eksamen. Frist for å levere leseliste skal kunn gjera på Eksamenskontoret sine nettsider.

Avslutning av eksamen

Sensor og eksaminator skal vurdere kvar kandidat individuelt og setje karakter etter kvar kandidat. Kandidaten får vite karaktervedtaket med ein gong og skal signere på at han har motteke vedtaket. Dersom kandidaten ønskjer det, kan han be om munnleg grunngjeving for karaktervedtaket.

Fagspesifikke særpreg

Eksamen i programfag innan idretts- og formgjevingsfag, musikk, dans og drama har fagspesifikke særpreg og avvikar frå dei generelle reglane.

Særskilt om fag med munnleg eksamen

Religion og etikk

Kandidaten skal levere leseliste innan fristen. Leselista skal vise kva kandidaten har valt frå læreplanen.

Engelsk og Framandspråk I, II og III.

- Kandidaten skal levere leseliste innan fristen.
- Kandidaten trekkjer ein ukjend tekst som er knytt til ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetanseområd.
- Eksamen skal gi kandidaten høve til å vise kompetanse i lytteforståing, munnleg produksjon, samhandling, og samfunns- og kulturrelevant kunnskap frå målspråkområdet.

Norsk

- Kandidaten skal levere leseliste innan fristen. Leselista i norsk munnleg på studiespesialiserande og påbygg skal innehalde eit fordjupingsemne.
- Kandidaten trekkjer ein ukjend tekst som er knytt til ei problemstilling eller eit emne som dekkjer fleire kompetanseområd innanfor eit hovudområde og/eller tekstanalyse. Kandidaten blir også eksaminert i andre oppgåver som kan komme frå alle hovudområd i læreplanen, inkludert det sjølvvalte fordjupingsemnet.

Særskilt om fag med munnleg-praktisk eksamen

Kjemi, fysikk, biologi og naturfag

Kandidaten skal utføre forsøk. I *Biologi* 2 skal kandidaten utføre eller beskrive forsøk. I *Kjemi* 2 og *Fysikk* 2 kan eksaminator velje å la heile eksamenspartiet gjennomføre den praktiske delen samla før den individuelle eksamineringa startar. Ved slike høve kan den individuelle eksamineringa vare i 20 til 30 minutt.

Geofag 1 og 2

Kandidaten skal ha med seg ei prosjektoppgåve innan hovudområdet i læreplanen som heiter Geoforsking. Geoforsking er ein obligatorisk del av eksamen og prosjektoppgåva vil bli brukt som utgangspunkt for ein del av samtalen under eksamen. Tema for oppgåva må leverast Eksamenskontoret innan fristen.

Informasjonsteknologi og Teknologi og forskingslære

Ein førebuingssdel til eksamen blir lagt ut på Eksamenskontoret sine nettsider inntil 48 timer før eksamsdagen.

Kroppsøving

- Kandidaten må møte opp til eksamen i treningstøy. Garderobe vil ikkje vere tilgjengeleg.
- **Oppgåve og førebuing:** Kandidaten trekkjer ei oppgåve som er relevant i høve til kompetansemåla i læreplanen i faget. Kandidaten skal planleggje trening der han viser dei grunnleggjande prinsippa for trening for å ivareta eiga helse og livsstil. Arbeidet skal leverast når kandidaten møter til eksamensjonen. Kandidaten gjennomfører delar frå førebuingstida under eksamen.
- **Eksamens:** Eksamen kan starte med ei fellesøkt på omrent 15 minutt inkludert oppvarming . Fellesøkta skal reknast som ein avslutta del av eksamen. Dersom eksamen startar med ei fellesøkt, blir førebuingstida og individuell del av eksamen på inntil 30 minutt kvar. Dersom eksamen ikkje startar med ei fellesøkt, blir førebuing og eksamen på inntil 45 minutt kvar. Kandidaten vil bli prøvd i minimum to idrettar og ein dans eller annan rørsleaktivitet samt nemnde treningsaktivitet. I samband med individuell idrett kan det i nokre høve bli aktuelt å nytte ein partner dersom det er behov for motstandar.

8. Studieførebuande fag med praktisk, munnleg eller munnleg-praktisk eksamen

Formgjevingsfag

Praktisk eksamen - Formgjeving

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Eksamenstid: 5 timer

Hjelpemiddel: Eige arbeid frå førebuingstida

Elevane får eit tema og oppgåvetekst med kompetanse mål og vurderingskriteria. Det må vere minst eitt kompetanse mål frå kvart hovudområde. Eksamensoppgåva skal vere utført på stempela papir. Arbeidet frå førebuingstida skal brukast som grunnlag for eksamensoppgåva på sjølv eksamensdagen. Arbeidet frå førebuingstida skal leverast for seg i eige omslag. Det er produksjon på eksamensdagen som blir vurdert på bakgrunn av arbeidet frå førebuingsdelen.

Skriftleg eksamen - Visuell kultur og samfunn

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Eksamens: 5 timer

Idrettsfag

Felles programfag:

Munnleg eksamen - Idrett og samfunn

Sjå informasjon om munnleg eksamen i kapittel 5 «Munnleg eksamen for elevar»

Munnleg-praktisk eksamen - Treningsleiring 2 og 3

Førebuingstid: 48 timer

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne. Eleven får utdelt oppgåva 48 timer på førehand.

Eksamens: 45 min, der 30 min. er til praktisk gjennomføring og 15 min. til munnleg eksaminasjon knytt til den praktiske delen. Ein kan her trekkje inn andre kompetanse mål.

Eleven skal legge fram skriftleg plan for gjennomføring av den praktiske eksamen i 2 eksemplar.

Eleven skal instruere andre i ein trekt idrettsaktivitet.

Munnleg-praktisk eksamen - Aktivitetslære 1 og 2

Førebuingstid: 48 timer

Oppgåve: Eleven får oppgitt kva idrettar/idrettsaktivitetar (innan skolen sine idrettar/aktivitetar) som han/ho skal prøvast i til eksamen.

Hjelpemiddel: Alle hjelpemiddel er tillatne

Eksamens: Inntil 45 minutt.

Eleven blir prøvd praktisk i minst 2 idrettar/idrettsaktivitetar eller minst to hovudområde. Den munnlege høyringa skal i hovudsak knytast til dei idrettane/idrettsaktivitetane som eleven blir prøvd i ved den praktiske delen. Eleven kan også bli hørt i andre idrettar/aktivitetar. Det vil bli stilt spørsmål i minst to av hovudområda i læreplanen.

Munnleg-praktisk eksamen – Aktivitetslære 3

Førebuingstid: 48 timer

Oppgåve: Eleven blir prøvd i valt idrett/aktivitet (innan skolen sine idrettar/aktivitetar) og minst 2 hovudområde. I tillegg kan dei bli prøvd i andre aktivitetar.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eleven får oppgitt kva idrettar/aktivitetar han vil bli prøvd i ved den praktiske delen av eksamen

Eksamens: Inntil 45 minutt

Den munnlege høyringa vil i hovudsak bli knytt til dei idrettane/aktivitetane som han/ho blir prøvd i til den praktiske delen, men eleven kan også bli hørt i andre idrettar/aktivitetar. Det vil bli stilt spørsmål i minst 2 av hovudområda i læreplanen.

Programfag til val:

Munnleg-praktisk eksamen - Toppidrett 1, 2 og 3

Førebuingstid: 1 time i Toppidrett 1. I Toppidrett 2 og 3 kan ein velje mellom 1 time og 48 timer (48 timer der det er praktisk nødvendig).

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne

Eleven trekker oppgåve 1 time ev. 48 timer på førehand, med emne for praktisk økt.

Eksamens: 45 min., derav 10 min. til munnleg høyring som omfattar fleire av hovudområda.

Eleven skal vise dugleik i spesialidretten, og kunne nytte og forklare element frå regelverket.

Munnleg-praktisk eksamen – Breiddeidrett 1, 2 og 3

Førebuingstid: 48 timer

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne

Eleven får oppgitt tema (idrett/aktivitet) for eksamen. (Blir dette oppgitt når førebuingsdelen startar?)

Eksamens: 45 min., av dette 10 min. til munnleg høyring som omfattar fleire av hovudområda.

Eleven skal vise dugleik i ein eller fleire idrettar/aktivitetar (lagidrett eller individuell idrett). I tillegg skal eleven vise dugleik i anten ulike leikeaktivitetar, rytmiske aktivitetar eller basistrenings. Eleven skal også nytte reglar i dei trekte idrettane.

Munnleg eksamen – Friluftsliv 1

Sjå informasjon om munnleg eksamen i kapittel 5 «Munnleg eksamen for elevar»

Munnleg eksamen – Friluftsliv 2

Sjå informasjon om munnleg eksamen i kapittel 5 «Munnleg eksamen for elevar»

Musikk, Dans og Drama

A. Programfag i musikkdelen

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, Dans og Drama

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Opgåvene inneheld nokre av eller alle kompetanseområda.

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp i ein av fylgjande kombinasjonar:

1. Mus.lære + Hov.instr. og Bi-inst.1
2. Mus.lære + Hov.instr. og Bi-inst.2
3. Mus.lære + Hov.instr. og Samspel

Opgåvene inneheld nokre av eller alle kompetanseområda.

Skriftleg eksamen – Musikk i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Bruk av eventuelle hjelphemiddel blir gjort kjent i samband med eksamenstrekket

Eksamens: 5 timer. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Eller:

Munnleg eksamen – Musikk i perspektiv 1 og 2

Sjå informasjon om munnleg eksamen i kapittel 5 «Munnleg eksamen for elevar»

Munnleg-praktisk eksamen – Instruksjon og leiing

Førebuingstid: 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Eleven kan kome opp i anten:

1. Ensembleleiing. Eleven leiar ei gruppe medelevar eller heile klassen. Eller
2. Produksjonsleiing. Gruppeeksamen

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

Munnleg-praktisk eksamen – Instrument, Kor og samspel 1

Førebuing: 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp i ein av fylgjande kombinasjonar:

1. Hov.instr. + Bi-instr.
2. Hov.instr. + Besifring
3. Hov.instr. + samspel

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

Munnleg-praktisk eksamen – Instrument, Kor og samspel 2 - obligatorisk

Førebuingstid: 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. med framføring av repertoar.

Skriftleg/munnleg-praktisk eksamen – Musikk fordjuping 2

Førebuingstid: Ingen eller 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Eleven kan kome opp i:

1. Komponering – 5 timer skriftleg eksamen med eller utan førebuing
2. Gehørtrening – 3 timer skriftleg eksamen utan førebuing eller 45 min. munnleg-praktisk eksamen med eller utan førebuing
3. Formidling – munnleg-praktisk eksamen med 48 timars førebuing

Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla

B. Programfag i dansedelen:

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, Dans og Drama

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Oppgåvene inneheld nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans 3

Førebuingstid: 24 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Eksamens blir gjennomført i grupper. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Scenisk dans fordjuping 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timer.

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Skriftleg eksamen – Dans i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Bruk av eventuelle hjelphemiddel blir gjort kjent i samband med eksamenstrekket

Eksamens: 5 timer. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Eller:

Munnleg-praktisk eksamen – Dans i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: 24 eller 48 timer.

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Programfag i dramadelen

Munnleg-praktisk eksamen – Musikk, Dans og Drama

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Teaterensemble

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen – Teaterproduksjon 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Oppgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Munnleg-praktisk eksamen - Teaterproduksjon fordjuping 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Elevane kan kome opp til gruppeeksamen. Opgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Skriftleg eksamen – Teater i perspektiv 1 og 2

Ingen førebuingstid.

Hjelphemiddel: Bruk av eventuelle hjelphemiddel blir gjort kjent i samband med eksamenstrekket

Eksamens: 5 timer. Opgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Eller:

Munnleg-praktisk eksamen – Teater i perspektiv 1 og 2

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Faglærar kan svare på spørsmål, men ikkje undervise, under førebuinga.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 45 min. Opgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

Skriftleg eksamen – Dans og samfunn

Ingen førebuingstid.

Eksamens: 5 timer. Opgåvene inneholder nokre av eller alle kompetansemåla.

9. Praktisk eksamen for studieførebuande og yrkesfag

Nokre fag i studieførebuande utdanningsprogram skal ha praktisk eller munnleg-praktisk eksamen. I yrkesfaglege utdanningsprogram skal alle elevar ved Vg2 ha tverrfagleg praktisk eksamen (unntak Brønnfag og Flyfag). Her er det fleire moglege modellar, der det kan variere kor stort innslag eksamen skal ha av munnleg dialog/vurderingssamtale og ev. skriftleg innslag.

Oppgåvenemnder for lokalt gitt praktisk eksamen for yrkesfag

Faglærarane utarbeider forslag til eksamensoppgåve til ordinær, lokalt gitt tverrfagleg eksamen. For å kvalitetssikre oppgåvene som skolane har laga, har Opplæringsavdelinga ved Eksamenskontoret etablert oppgåvenemnder innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Forslaga til eksamensoppgåver blir vurderte av oppgåvenemndene. Dei vil dekkje dei mest vanlege programområda. For programområde dei ikkje sjølv dekkjer, skal dei søke å få inn kompetanse utanfor nemnda. Alle skolane kan ikkje rekne med å få vurdert oppgåvene sine kvart år. Dei skolane som ikkje får vurdert sine oppgåver, vil få melding om dette. Oppgåvenemndene gir si faglege vurdering til Opplæringsavdelinga, som godkjenner eksamensoppgåvane/gir pålegg om endringar. Opplæringsavdelinga ved Eksamenskontoret gir melding til skolane om oppgåveforsлага er godkjende av oppgåvenemnda slik dei ligg føre, eventuelt om kva endringar som må gjerast. Rektor har ansvar for at skolen endrar oppgåveforsлага slik at dei er i samsvar med oppgåvenemnda si tilråding. Skolen sender ein kopi av den endelige oppgåva til oppgåvenemnda.

10. Gjennomføring av yrkesfagleg praktisk eksamen

Generell del

I tråd med læreplanane for yrkesfaglege utdanningsprogram på Vg2, skal det vere ein lokalt gitt tverrfagleg praktisk eksamen. Praktisk eksamen er ein rammeeksamen som går utover dei 45 minutta som er tidsramma for munnleg-praktisk eksamen. Praktisk eksamen kan omfatte fleire ulike metodar som er nødvendige og formålstenlege for å prøve i kva grad kandidaten har nådd kompetansemål i læreplanen i faget. Praktisk eksamen skal ta utgangspunkt i eller vere knytte til ei kompleks arbeidsoppgåve. Jamfør rundskriv Udir 1-2010.

Førebuing for lærar og sensor

Utarbeidning av oppgåve

Skolen har ansvar for utarbeidning av oppgåver. Det ligg til læraren sitt arbeidsområde. Om elevane skal ha eksamen på ulike dagar, må det lagast fleire oppgåver, slik at alle får like lang førebuingstid. Skolane sender inn forslag til oppgåvenemndene. I nokre fag vil det bli laga felles eksamensoppgåve for heile fylket.

Oppgåva

Oppgåva kan vere ein situasjonsomtale (case), ein arbeidsordre, eit tema med konkret oppgåve/teikning eller liknande. Kompetansemål frå alle felles programfag skal trekjast inn i oppgåva/tema. Prosjekt til fordjuping/Vg3 skal ikkje vere med.

Vurdering

Det skal utarbeidast eit vurderingsskjema som sensor nyttar under eksamen. Skjemaet skal innehalde eksamensnummer for alle kandidatane og ulike område som skal vurderast, til dømes: planlegging, utføring, hygiene, sjølvstende, HMT, vurderingskriterium, m.m.

Sensorar

Sensor 2 skal vere frå ein annan skole, ev. frå arbeidslivet. Kvar skole må sørge for at det er tilstrekkeleg med sensorar for dei enkelte gruppene. For dei fleste faga bør det ikkje vere meir enn 8 kandidatar i kvar gruppe. Ein må sikre at sensorane får observere eleven i praktisk arbeid. Kvar elev skal ikkje ha lengre eksamen enn 5 timer.

Kontakt mellom faglærar og ekstern sensor

Faglærar tar kontakt med sensor normalt to veker før eksamen.

Førebungsdel

Tid

Førebuingstida skal ikkje overstige 48 timer. Laurdag og søndag skal ikkje telje med. Lokalt gitt eksamen som nyttar ein førebungsdel, må ikkje i eksamineringa erstattast av at elevane berre presenterer produkt frå førebuingstida og i liten grad viser kompetanse under sjølve eksamen. Dersom elevane får eit tema i forkant, må eksamenen bestå i meir enn at eleven presenterer dette.

Læraren sin rolle

Læraren skal vere til stades/tilgjengeleg i delar av førebuingstida. Elevane får ikkje rettleiing, berre svar på tekniske og praktiske spørsmål og forklaring/tolking av oppgåveteksten. Med det meiner ein at eleven kan få hjelp til å nytte tida på ein fornuftig måte, men ikkje hjelp til faglege spørsmål. Det kan vere aktuelt at elevar skal bruke maskiner for å gjere klart materiale o.l. Då må lærar vere til stades.

Sensor si rolle

Sensor er ikkje til stades i førebuingstida.

Arbeidsform under førebuingsdelen

Skolen må bestemme kva alternativ som gjeld, til dømes:

- I kva grad elevane skal arbeide åleine eller i grupper. Om dette ev. er valfritt
- I kva grad dei kan eller skal vere på skolen delar av tida.

Gruppene bør etablerast i god tid før eksamen.

Hjelpemiddel

Alle hjelpemiddel er tillatne.

Resultat av førebuinga

Førebuingsdelen skal normalt ikkje takast med i vurderinga til eksamen. Hovudregelen er at vurderinga skal gjerast på grunnlag av den kompetansen eleven og privatisten viser på sjølve eksamenen, ikkje i forkant. Arbeidet skal vere til hjelp for gjennomføringa og eit grunnlag for individuell eksaminasjon. Til dømes:

- val av råvarer/materiell
- klargjering av materiell
- val og tilrettelegging av verktøy/maskiner
- utarbeiding av planar/skisser
- planlegging og øving på rollespel

Eksamensform

Med tverrfagleg eksamen meiner ein at eksamen skal dekkje alle programfaga. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen” (§3-25 i forskrift til oppl. lov).

Eksamensform

Eksamensforma må vere utprøvd og kjend før eksamensdagen. Praktisk eksamen skal prøve elevane i praktisk kompetanse i tråd med kompetansemål i læreplanen. Den praktiske utføringa kan vere i gruppe eller individuelt. Sensor vil normalt vere i munnleg dialog med kvar elev. Dette kan delvis skje under den praktiske utføringa. I dei fleste tilfella vil det vere ein munnleg, individuell eksaminasjon/dialog, under og etter den praktiske delen. Her vil eleven kunne gjere greie for arbeidet både frå førebuingsdelen og frå eksamensdelen. Eleven vil og få nye spørsmål med utgangspunkt i tema. Nye kompetansemål kan trekkast inn for å sikre breidde i vurderinga.

Tid

Inntil 5 timer.

Hjelpemiddel

Elevane har med seg notat frå førebuingsdelen. Utstyr, verktøy og anna som trengst for gjennomføring av eksamen, må vere til stades i eksamenslokalet. Det må vere tydeleg kva som blir venta at elevane ev. sjølv ordnar og tar med.

Vurdering

Den praktiske gjennomføringa skal vurderast i høve til kompetansemål som er knytt til temaet/oppgåva og eleven sine planar/skisser frå førebuingstida. Karakteren for praktisk eksamen blir fastsett på grunnlag av prestasjonen på eksamensdagen.

Modellar for dei ulike faga

I førebuingstida er alle hjelpemiddel tillatne. Her er nemnt hjelpemiddel på sjølve eksamensdagen. Skolane må vurdere bruk av digitale verktøy for kvar enkelt eksamen.

Bygg- og anleggsfag

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Alle hjelpemiddel er tillatne. Elevane vel sjølv yrke og trekkjer ei praktisk oppgåve frå det valte yrke.

Elevane skal trekke mellom oppgåver som omfattar dei fleste måla innan dei felles programfaga.

Elevane lagar arbeidsplanar og ev. teikningar, skisser og liknande. Planane skal innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelpemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Hjelpemiddel: Planen frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og liknande. Elevane arbeider praktisk på verkstaden/øvingsområdet, sensor går rundt og eksaminerer underveis. Kompetanse mål frå dei andre programfaga vil bli trekt inn i den munnlege høyringa.

Design og handverk

Førebuingstid: Inntil 48 timer

- Elevane får ei praktisk oppgåve der dei planlegg og førebur ein produksjon. Arbeidet går føre seg på skolen og elevane arbeider individuelt.
- **Hjelpemiddel:** Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Det er ikkje tillate å ta arbeid med heim eller bringe arbeid til skolen.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Modell A.: 4,5 timer + 30 min til presentasjon og munnleg eksaminasjon .

Hjelpemiddel: Planen og delar av arbeidet frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og utstyr. Eksamensdagen skal nyttast til ferdigstilling av produksjonen og klargjering til presentasjon, og avsluttast med presentasjon og spørsmål frå sensor i høve til oppgåva. Dette medfører at elevane startar til eksamen på ulike tidspunkt.

Modell B: Inntil 5 timer

Hjelpemiddel: Planen og delar av arbeidet frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og utstyr. Eksamensdagen skal nyttast til ferdigstilling av produksjon. Elevane får ei spesifikk oppgåve som bygger på arbeidet frå førebuingstida. I tillegg til det praktiske arbeidet skal det leverast ei skriftleg grunngjeving av idear, prosess, planløysing, materialar, fargeval og vurdering. Sensor er ikkje til stades under eksamen.

Elektrofag

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Elevane lagar arbeidsplanar og ev teikningar, skisser og liknande. Planane bør innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelpemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen, men skal ikkje i seg sjølv vurderast.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Hjelpemiddel: Planen frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og liknande

Fleire kandidatar bør kunne prøvast samstundes. Eleven utfører/monterer arbeidet. Det bør innehalde utrekningar og feilsøking. Til slutt utfører eleven sluttkontroll og nødvendig dokumentasjon. Dokumentasjon kan vere utfylling av skjema og arbeidsordre og/eller ei kortfatta skildring/logg for gjenomføring og feilsøking.

Helse- og oppvekstfag

Barne- og ungdomsarbeiderfaget (BUA), Helsearbeidarfaget (HEA) og Ambulansefaget (AMB)

Førebuingstid: Inntil 48 timer.

Eleven får utlevert tema og tverrfagleg situasjonsskildring som er typisk for arbeidskvardagen for yrket. Temaet skal vere av ein slik storleik at eleven får høve til å vise sin kompetanse i ein så stor del av faget som mogleg. Skildringa viser tema for oppgåva – ikkje detaljerte problemstillingar. I dei tilfella det skal leverast plan, må han leverast på førehand, seinast kl. 13.00 dagen før eksamen.

Elevane kan førebu seg i grupper eller individuelt.

Skolen kan gjere avtalar med eksterne markørar eller elevar frå andre klassar. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan medelevar vere markørar for kvarandre.

Eksamenstid: Inntil 5 timer. (Minimum 45 min frå eksamen startar for den enkelte elev til han/ho har fått sin karakter)

Hjelpemiddel eksamensdagen: Ingen

På eksamensdagen får elevane ei kompleks arbeidsoppgåve som dei skal demonstrere/utføre. Det er ikkje ein heilt ny situasjon, men ei konkret oppgåve knytt til emnet dei har førebudd seg på. Denne oppgåva skal dei utføre praktisk. Alle elevane skal vise fagarbeidaren si rolle. Det er ikkje nok å vere berre pasient, barn eller hjelpar.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen, må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Helseservicefag Vg2**Førebuingstid:** Inntil 48 timer

Elevane får utlevert tema. Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. Elevane kan førebu seg i grupper eller individuelt.

Eksamensstid: Inntil 5 timer

Elevene får/trekker en praktisk oppgave som skal utføres. Deretter har dei munnleg høyring.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Fotterapi Vg3**Førebuingstid:** 48 timer

Elevane trekker tverrfagleg tema. Elevane førebur gjennomføring av klientbehandling i klinikken ved skolen. Eksamens er individuell.

Eksamensstid: 3 timer

2,5 timer til praktisk prøve med klient og 30 minutt til individuell munnleg høyring. Gjennomføring av klientbehandling, inklusivt førebuing, møte med klient, opptak av journal. Aktuelle testar som blir gjennomførte, gjer ein og greie for munnleg undervegs. Munnleg høyring blir gjennomført etter at sensorane har vurdert behandlinga.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Helsesekretær Vg3**Førebuingstid:** 48 timer

Elevane får tema

Eksamensstid: 60 minutt

Elevane får/trekker caseoppgåve, og førebur seg inntil 15 minutt. Deretter munnleg høyring, relevant for caseoppgåva, ca. 10 minutt. Deretter skal elevane utføre praktisk helsesekretærarbeid, ca. 15minutt.

På datarommet gjer ein deretter skriftleg kontorarbeid relevant for tema (maks. 20 min.).

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei mest aktuelle måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Hudpleie, Vg2 og Hudpleiar Vg3**Førebuingstid:** 24 – 27 timer

Elevane trekker tema. Dei førebur seg teoretisk og praktisk, og sjekkar utstyr som skal nyttast.

Eksamensstid: 3 timer

2 timer til praktisk prøve med kunde og 1 time til skriftleg prøve.

Hjelpemiddel til praktisk prøve: Ingen**Hjelpemiddel til skriftleg prøve:** Læreplan, journalkort og skjema utarbeidd av lærer.

Gjennomføring: Behandling av kunde i tråd med aktuelle prosedyrar. Føring av journalkort før skriftleg prøve. Eleven gjer så skriftleg greie for behandlinga og grunngjev vala sine. Det blir nytta to skjema spesielt utarbeidde for dette.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **mest aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Apotekteknikk Vg3

Førebuingstid: 48 timer

Elevane trekkjer tema. Alle hjelphemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Eksamen er tverrfagleg, praktisk og munnleg, med oppgåver som ein apotekteknikar kan møte i eit apotek. Eleven skal vise kunnskapar og dugleik i å planleggje arbeid, velje metodar, utføre og dokumentere arbeidet. Skolen har alle relevante hjelphemiddel og handbøker. Eleven treng ikkje ta med seg særskilde hjelphemiddel eller utstyr.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **nesten aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Tannhelsesekretær VG 3

Førebuingstid: 48 timer

Elevane trekkjer tema. Alle hjelphemiddel er tillatne i førebuingstida.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Eksamen er tverrfagleg praktisk og munnleg, med oppgåver som ein tannhelsesekretær kan møte i sitt yrke. Eleven skal vise kunnskapar og dugleik i å planleggje arbeid, velje metodar, utføre og dokumentere arbeidet. Skolen har alle relevante hjelphemiddel og handbøker. Eleven treng ikkje ta med seg særskilde hjelphemiddel eller utstyr.

Eleven skal få høve til å vise sin kompetanse frå alle læreplanmål. Dersom ein vel å avgrense talet på mål i førebuingsdelen må det gå klart fram at dette er dei **nesten aktuelle** måla, men at elev/sensor har høve til å trekke inn alle måla i læreplanen.

Medium- og kommunikasjon

Førebuingstid: 48 timer

Elevane får eit case som er relevant i høve til den tverrfaglege praktiske eksamen. Eleven førebur ein praktisk produksjon frå kl. 09.00 den første dagen og leverer kl. 15.00 den andre dagen etter avtale med faglærar. Elevane kan arbeide enkeltvis eller i grupper. Faglærar skal vere tilgjengeleg for praktiske spørsmål. Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamenstid: Inntil 5 timer – Todelt

Del 1 av eksamen er ei praktisk oppgåve (enkeltvis eller i gruppe) med utgangspunkt i førebuingscaset. Faglærar og sensor vil observere og kan stille spørsmål underveis.

Del 2 er ein presentasjon av arbeidet som er utført på eksamensdagen, der eleven skal forsvere prosess og produkt. Den munnlege presentasjonen går over i ein samtale mellom elev, faglærar og sensor. Eleven kan i tillegg bli høyrt i teoretiske emne som naturleg hører til i oppgåva sitt tema. Del 2 kan vare inntil 20 minutt. Alle kompetansemål kan bli trekte inn.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne med unntak av internett og andre verktøy som tillet kommunikasjon. Ved praktiske gruppeoppgåver kan elevane kommunisere med kvarandre. Under del 2 av eksamen har eleven høve til å bruke eit presentasjonsverktøy med stikkord.

Naturbruk

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Elevane får utdelt ei oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunkt for eksamen.

I førebuingstida skal eleven setje seg inn i korleis han/ho vil løyse oppgåva. Alle hjelphemiddel er tillatne.

Eksamenstid: Inntil 5 timer

Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han/ho vil løyse oppgåva. I tillegg skal eleven trekke oppdrag der han/ho skal vise i praksis korleis han utfører det. Den praktiske gjennomføringa kan skje i gruppe eller individuelt. I løpet av eksamenstida skal faglærar/sensor observere det eleven gjer og eksamen blir avslutta med ei munnleg individuell utspørjing på inntil 20 min. Elevane kan ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelphemiddel: Notat frå førebuingstida. PC utan tilgang til internett eller annan kommunikasjon.

Restaurant- og matfag

Kokk/servitør

Til vanleg maksimalt 6 elevar. Ved gruppeeksamen til vanleg maksimalt 3 elevar i kvar gruppe.

Førebuingstid: 24 timer

Individuell eller gruppeoppgåve.

Elevane får utlevert tema (case) og råvareliste, saman med kompetanse mål og vurderingskriteria. Dei planlegg ein meny med drikkevarar, råvareliste, køyreplan og arbeidsplan, ev. utrekningar. Dei førebur seg saman om det er gruppeeksamen. Innlevering etter skoleslutt (kl. 15.00) dagen før eksamen.

Eksamenstid: 5 timer,

Dei skal lage mat, dekke og servere ut frå gitte læremål og eigen plan. Ved gruppeeksamen vil eleven trekke si rolle. Sensor spør underveis og etterpå ut frå innlevert plan og prestasjoner.

Matfag

Førebuingstid: 24 timer

Gruppe- eller individuell oppgåve.

Elevane får utdelt kompetanse mål for eksamen, råvareliste med tilgjengelege råvarer, vurderingskriterium og anna materiell som plakatar og kalkyleskjema som kan inngå i oppgåva. Deler av oppgåva kan planleggjast med reseptar, råvarer og produksjonsprosessar.

Alle hjelpemiddel tillatne i førebuingstida

Eksamenstid: 5 timer

Hjelpemiddel: Arbeid innlevert frå planleggingsdagen

Elevane får utlevert konkrete oppgåver knytt til kompetanse mål utlevert på planleggingsdagen. Elevene ferdigstiller reseptar og produksjonsmetodar og gjennomfører aktivitetane. Plakatar og kalkylar skal leggast fram dersom dette inngår i oppgåva.

Ferdige produkt skal setjast fram for vurdering

Sensor kan stille spørsmål underveis frå læreplanen i faga.

Service og samferdsel

Sal, service og tryggleik

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Elevane får delt ut oppgåve som er ein situasjonsskildring (case) med kompetanse mål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunktet for eksamen. I førebuingstida skal eleven setje seg inn i situasjonsskildringa og gjere førebuande arbeid. Eleven kan få spørsmål i andre kompetanse mål frå læreplanen som kan knytast til oppgåve. Alle hjelpemiddel er tillatne.

Eksamens: Inntil 5 timer – minimum 3 timer

Eleven skal løyse ei praktisk oppgåve individuelt med utgangspunkt i førebuingsdelen (2,5 time)

Deretter skal eleven gjere greie for og vise korleis han/ho har løyst oppgåva (maks 15 min). Eksamens blir avslutta med ein munnleg, individuell dialog på inntil 20 minutt. Eleven skal ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelpemiddel: Eleven har med seg notat frå førebuingsdelen. Utstyr, verktøy og anna som eleven treng for gjennomføring av eksamen må vere tilstades i eksamenslokalet. Det skal ikkje vere tilgang til internett eller annan kommunikasjon.

Reiseliv

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Elevane kan førebu seg i grupper på 2-3 elevar eller individuelt (valfritt for skolane).

Elevane får utdelt oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetanse mål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunkt for eksamen. I førebuingstida skal eleven setje seg inn i korleis han vil løyse oppgåva.

Eksamens: Inntil 5 timer, der inntil 3 timer er praktisk arbeid, 15 minutt til presentasjon og 20 minutt til utspørjing. Eleven får oppdrag i forhold til caset der ho/han skal vise i praksis korleis han utfører det. I løpet av eksamenstida skal faglærar/sensor observere det eleven gjer. Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han vil løyse oppdraga. Eksamens blir avslutta med ein presentasjon av oppdraga som er utførte og deretter munnleg individuell utspørjing på inntil 20 min., der eleven får utdjupe oppdraga og sensor kan stille spørsmål.

Hjelpemiddel: Elevane skal ha tilgang til PC under eksamen. Alle nødvendige hjelpemiddel er tillatne unntatt kommunikasjon.

IKT – servicefag

Førebuingstid: Inntil 48 timer

Eleven får ein situasjonsomtale med konkrete arbeidsoppgåver.

Eleven må førebu seg på alle programfaga og vil på eksamensdagen få emner fra desse til munnleg høyring.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne

Eksamensstid: Inntil 5 timer

Eleven utfører praktisk oppgåve med utgangspunkt i førebuingsdelen. Eleven presenterer oppgåva. I munnleg høyring skal eleven svare på spørsmål knyta til den trekte oppgåva og resten av pensum i IKT-servicefaget.

Hjelphemiddel: Alle hjelphemiddel er tillatne med unntak av internett og kommunikasjon.

Transport og logistikk

Førebuingsstid: 48 timer

Elevane får delt ut oppgåve som er ei situasjonsskildring (case) med kompetansemål. Situasjonsskildringa er tverrfagleg og skal danne utgangspunktet for eksamen. I førebuingsstida skal eleven setje seg inn i korleis han/ho vil løyse oppgåva.

Eksamensstid: Inntil 5 timer.

Her skal eleven gjere greie for og vise korleis han vil løyse oppgåva. I tillegg skal eleven trekke oppdrag der han skal vise korleis han i praksis skal utføre det. I løpet av eksamenstida skal faglærar/sensor observere det eleven gjer. Eksamen blir avslutta med ei munnleg, individuell utspørjing på inntil 20 minutt. Eleven skal ha tilgang til PC under eksamen.

Hjelphemiddel: Elevane skal ha tilgang til PC under eksamen. Alle nødvendige hjelphemiddel er tillatne unntatt kommunikasjon.

Teknikk og industriell produksjon

Industriteknologi

Førebuingsstid: 48 timer

Elevane lagar arbeidsplanar, og ev teikningar, skisser og liknande. Planane skal innehalde utføring, kvalitetssikring, HMT, utstyr og verktøybruk. Planane skal takast med til eksamen. Dei vil fungere som hjelphemiddel til praktisk utføring og utgangspunkt for eksaminasjonen.

Eksamensstid: Inntil 5 timer

Hjelphemiddel: Planen frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og liknande

Fleire verkstader kan takast i bruk, elevgruppene har ulike oppgåver avhengig av kva verkstad dei er på. Kvar verkstad har lærar til stades, sensor går rundt og observerer/stiller spørsmål om prosessen.

Køyretøy

Eksamensstid: 5 timer praktisk på verkstad.

Hjelphemiddel: Planen frå førebuingsdelen, verktøy, materiell og liknande

Eksamensstid: Elevane arbeider praktisk på verkstaden, ulike stasjonar med ulike oppgåver. Sensor går rundt og evaluerer arbeidet underveis.

Kjemi og Prosess

Førebuingsstid: 48 timer

Elevane får utlevert eit tema for eksamsoppgåva. I førebuingsstida kan kandidaten jobbe med sin eigen presentasjon av det kjente temaet, og med tema gitt i den ukjente delen. Dei kan ta notat, teikne flytskjema og figurar, og svare på problemstillingar i høve til tema.

Eksamensstid: Inntil 45 minutt

Eksaminasjonen er todelt:

1. Presentasjon av det kjente temaet og eventuell eksaminasjon

Det er sett av ei totaltid på 20 minutt til eleven sin egen presentasjon, og til eksaminasjon av denne.

2. Breideeksaminasjon av ukjent tema

Kandidaten svarar på spørsmål frå eksaminator innan dei ulike faga. Spørsmåla er retta mot området det ukjente temaet retter seg mot. Utspørjinga tar om lag 20-30 minutt. I eksaminasjonen kan kandidaten vise og forklare figurar, bruke tabellar og skjema, og eventuelt forklare prinsipp ved utstyr medbrakt av eksaminator.

11. Klagehandsaming

Kapittel 5 i forskrift til opplæringslova handlar om klage på karakter og gir retningslinjer for korleis klage på karakter skal handsamast. Å fastsetje ein eksamenskarakter er eit enkeltvedtak og gir difor eleven klagerett. Den som har klagerett, skal opplysast om klageretten, om kva klagen skal innehalde og om klagefrist. Eleven har rett til innsyn i alle vedlegg til klagen.

Fristen for å klage på eksamenskarakteren er 10 dagar. Fristen for å klage blir rekna frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngjeving for vedtaket (gjeld ikkje skriftleg eksamen, jf. § 5-7). Fristen går vidare frå det tidspunktet klagaren har mottatt denne grunngjevinga. Klagen skal sendast til skolen.

Klagehandsaming ved skriftleg eksamen

Klage på karakter: Skolen fyller ut klageskjema og sender det saman med eksamenssvaret til klagenemnda. Klagenemnda avgjer om karakteren er urimeleg og skal endrast opp eller ned.

Klage på formelle feil: Skolen innhentar uttalar, eventuelt skriv uttale sjølv dersom skolen er part i klagen. Klagen og uttalane skal sendast til klagenemnda for formelle feil. Dersom eleven får medhald i klagen, skal eksamensresultatet annullerast og eleven får gå opp til ny eksamen.

Klagehandsaming ved munnleg eksamen

Ved munnleg eksamen er det berre høve til å klage på formelle feil "...som kan ha noko å seie for resultatet" etter forskrift til opplæringslova §5 – 10. Det er ikkje høve til å klage på sensor si vurdering av eleven sin kompetanse. Formelle feil kan til dømes vere:

- at eksamensoppgåva ikkje er innafor kompetanseomål i læreplanen
- at eleven vert vurdert i høve til innsats i staden for kompetanse
- urimelege avbrot og forstyrring

Rektor innhentar skriftelege uttalar frå eksaminator og sensor, skriv sin eigen uttale og sender den innsende klagen med vedlegga over til den klagenemnda som har fått sin mynde frå fylkestinget. Følgjande sakspapir skal følgje klagesaka vidare til klageinstansen:

- Eleven sin klage
- Uttale frå sensor
- Uttale frå eksaminator
- Uttale frå rektor
- Eventuelle kommentarar frå eleven til dei nemnde uttalane

Dersom eleven får medhald i klagen, skal eksamensresultatet annullerast og eleven får gå opp til ny eksamen med ny sensor. Dersom klagen gjeld eksamen i trekkfag, skal det trekkjast fag på nytt, og eleven skal få beskjed i like god tid som ved vanleg prøve.

Klagehandsaming ved praktisk eksamen

Ved eksamen der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd, gjeld reglar og prosedyrar som ved munnleg eksamen, jf. § 5-11.

Dersom eksamen resulterer i dokumentasjon som kan vurderast fagleg av ei klagenemnd, gjeld reglar og prosedyrar som ved skriftleg eksamen, jf. § 5-9.

Vedlegg 1

Kommentarar til retningslinjene om munnleg eksamen (kap. 5)

Sensorar og faglærarar sine oppgåver før eksamen

- Faglærar og sensor får melding normalt minst to veker før eksamen.
- Alle lokale vedtekne reglar og retningslinjer skal leggjast ved oppnemninga.
- I fag der det er naturleg, kan det leggjast ved lærestoffliste eller andre oversikter som viser kva elevane har arbeidd med.
- Faglærar tar straks kontakt med ekstern sensor. Dersom ekstern sensor ikkje vert kontakta, må han/ho sjølv kontakte faglærar eller eksamensskulen innan to dagar.
- Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamsoppgåver. I rundskriv Udir 2-2014 står det: «*Med eksamsoppgaver menes her de temaene eller problemstillingene som eleven skal presentere, samt de spørsmålene eller problemstillingene som vil være gjenstand for eksamineringen etter elevens presentasjon*». Dersom dei to sensorane er ueinige om kva eleven skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som bestemmer.

48 timer før eksamen

Kva skal elevane gjere mellom 48 timer og 24 timer før eksamen?

Det er leiinga ved skulen som avgjer kva innhald og aktivitetar elevane skal ha denne skuledagen. Faglærar treng ikkje å vere skjerma for andre oppdrag t.d. sensoroppdrag denne dagen.

24 timer før eksamen - førebuingsdel

- *Korleis skal tema/problemstilling fordelast til elevane?*
Skulen skal sørge for at tildeling av tema/problemstilling vert gjort på ein måte som sikrar mest mulig likebehandling. Ein god praksis er at elevane trekkjer tema/problemstilling.
- *Er det eit tema eller ei problemstilling eleven skal få utdelt?*
I rundskriv Udir 2-2014 står det at eleven skal få utdelt eit tema eller ei problemstilling å arbeide med på førebuingsdagen. Her vert det understreka at det ikkje er eit absolutt skilje mellom tema og problemstilling og at det ikkje er noko i vegen for at elevane får eit tema med ei tilhøyrande problemstilling eller ei problemstilling som avgrensast av eit tema.
- *Må elevane sin eigen faglærar vere tilstade på skulen førebuingsdagen?*
Skulen bør skjerme faglærar for andre sensoroppdrag denne dagen. Elevane skal ha tilgang på ein faglærar og dette bør vere faglæraren til eleven.
- *Kan ein elev som ikkje møter til førebuingsdagen likevel møte til eksamen?*
Elevar som ikkje møter på førebuingsdagen, får vanleg fråvær. Det er ikkje heimel for å nekte elevar å møte til eksamen av den grunn. Elevar som er sjuke på førebuingsdagen, kan dersom dei har loveleg dokumentert fråvær, ha rett til utsatt eksamen etter reglane i forskrift til opplæringslova § 3-35. Elevane kan likevel velje å gå opp til eksamen dersom dei ønskjer det, sjølv om han eller ho har vore sjuk på førebuingsdagen.

Eksamens

- *Kan eleven nytte notata frå førebuingsdelen under heile eksamen eller berre under presentasjonen?*
Dei notata eleven kan ta med til eksamen er knytt opp mot eleven sin presentasjon. Det er ikkje noko i vegen for at eleven kan bruke notata for å vise døme under heile eksamen. Dette kan t. d. vere at eleven viser til ein lovparagraf, viser til eit kart eller ein modell i forklaringa si.
- *Kan lyttetekstar brukast til eksamen no når Udir sluttar å produsere dei?*
I tilfelle lyttetekstar skal brukast, må desse leggjast inn under den 24 timars førebuingstida. Tilgangen til lyttetekstar vil bli redusert sidan Udir sluttar å produsere dei.
- *Kan sensor trekke inn nye tema/problemstillinger i eksaminasjonen som ikkje har samanheng med utdelt tema/problemstilling i førebuingsdelen?*

«Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan løst direkte ut av ein eventuell førebuingssdel» (Forskrift til opplæringslova § 3-30). Det er ein føresetnad at utdelte tema/problemstillinger i førebuingssdelen gjev eit godt grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget. «Temaet/problemstillingen eleven har forberedt skal være utgangspunkt for eksamineringen. Dette innebærer at temaet/problemstillingen må være tilstrekkelig omfattende til at det vil være naturlig å trekke inn flere deler av læreplanen under selve eksamineringen. Hensikten er at eleven får mulighet til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mulig.» (Rundskriv Udir-2-2014).

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Mars 2014. Opplæringsavdelinga